

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - Scandic Sunnfjord Hotel &amp; Spa</b>
<b>Møtedato</b>	<b>13.10.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>08:30</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Nils P. Støyva, Ap**  
**Jenny Følling, Sp**  
**Anders Ryssdal, Sp**  
**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Noralv Distad, H**  
**Frank Willy Djuvik, FrP**  
**Marit Barsnes Krogsæter, V**  
**Trude Brosvik,**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Knut Henning Grepstad**

## **SAK 104/15 Rådgjever for fylkesordføreren**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Det vert engasjert rådgjever i 80 % stilling. Rådgjeveren vert stilt til rådvelde for fylkesordføreren og det politiske nivået elles i fylkeskommunen, etter fylkesordføreren si avgjerd.
2. Funksjonstida for rådgjeveren skal følgje funksjonstida til fylkesordføreren (4 år). Fylkesordføreren peikar sjølv ut den personen vedkomande ønskjer.
3. Rådgjeveren får rett til å gå over i fast stilling i fylkeskommunen etter at den fylkeskommunale valperioden er ute.

### **Avrøysting:**

Punkta 1 og 2 vart samrøystes vedtekne.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Det vert engasjert rådgjever i 80 % stilling. Rådgjeveren vert stilt til rådvelde for fylkesordføreren og det politiske nivået elles i fylkeskommunen, etter fylkesordføreren si avgjerd.
  2. Funksjonstida for rådgjeveren skal følgje funksjonstida til fylkesordføreren (4 år). Fylkesordføreren peikar sjølv ut den personen vedkomande ønskjer.
  3. Rådgjeveren får rett til å gå over i fast stilling i fylkeskommunen etter at den fylkeskommunale valperioden er ute.
-